

# Skjema 33 Eigedomsskatt i kommunane for 2022

## Føremålet med skjemaet

Føremålet med skjema 33 er å få fram data om eigedomsskatt og korleis denne er innretta for 2022. Vi ber altså om opplysningar om eigedomsskatt for inneverande år, 2022, og ikkje for fjoråret, slik det er for dei fleste andre KOSTRA-skjema.

## Særskilt for kommunar som er slått saman:

- a) **Kommunar som nyttar seg av overgangsordninga for harmonisering av skattesatsar: Kommunen fyller ut med det eigedomsskatteregimet som gjeld i den nye kommunen i 2022, men svarar ikkje på spørsmål om data som ikkje er harmonisert i heile kommunen, til dømes generell og differensiert skattesats, takstår med vidare.**
- b) **Kommunar som har fastsett både nytt eigedomsskatteregime og harmonisert satsar med vidare i heile den nye kommunen i 2022: Kommunen fyller ut skjema 33 på vanleg måte.**

## Spørsmål 2.2

Skjemaet gjeld for alle dei ulike områda kommunen kan skrive ut eigedomsskatt på ifølge § 3 a)-g) i eigedomsskattelova. Kommunen fyller ut eit av dei 7 alternativa for kva område kommunen skriver ut eigedomsskatt for.

## Spørsmål 2.3

Eigedomsskattelova §§ 11 til 13 regulerer kva for skattesatsar kommunane kan nytte ved utskriving av eigedomsskatt. Av § 11 går det fram at satsen må ligge i intervallet 1-7 promille av takstverdet. Utgangspunktet er at kommunestyret fastset ein generell skattesats som gjeld for alle typar eigedomar. Ein krev heimel i lova om ein skal gje unnatak. Her skal ein gje opp den generelle skattesatsen for 2022.

## Spørsmål 2.4

Høvet til å fastsetje ulike skattesatsar for ulike typar eigedomar regulerast av eigedomsskattelova § 12. Dette spørsmålet skal berre svarast på om kommunen har ein skattesats for bustad- og fritidseigedomar som skil seg frå den generelle satsen gjeven i spørsmål 2.3.

## Spørsmål 2.5

Spørsmålet gjeld årstal for siste alminnelege taksering av eigedomar som kommunen sjølv har taksert.

## Spørsmål 2.7

Vi ønskjer med spørsmålet å få informasjon om eigedomsskattetrykket for ein bustad i kommunen. Nedanfor er nokre stikkord som kan vere retningsgivande for å angje størrelsen på eigedomsskatten:

- Einebustad på 120 kvadratmeter (bruksareal), ein etasje utan kjellar.
- Ikkje garasje
- Tomt på 1000m<sup>2</sup>

Kommunen kan nytte følgjande metode for berekning:

$\{[(\text{Sjablomverdi (m}^2\text{-pris) for einebustader utan å korrigera for sonfaktor, byggjeår eller faktorar basert på skjøn}n \times 120) + (\text{tomtepris per m}^2 \times 1000)] \times 0,7\} \times \text{skattesats}$ .

Døme:  $\{[(12000 \times 120) + (75 \times 1000)] \times 0,7\} \times 0,005 = 5302,5$  kroner. Dersom kommunen har innført botnfrådrag, trekkjes dette i frå før ein multipliserer med skattesatsen.

## Spørsmål 2.8

Kommunestyret kan gje fritak for eigedomsskatt for nye bustader i opptil 20 år frå den tida bygningen vart ferdig, jamfør eigedomsskattelova § 7c).

**Spørsmål 2.10**

Frå og med 2017 kan fritidseigedomar fritakast frå eigedomsskatt, jamfør eigedomsskattelova § 7 e) som gjeld frå 1. januar 2017.

**Spørsmål 2.11**

Frå og med 2014 kan kommunane nytte seg av Skatteetatens formuesgrunnlag (verdet som vert sett på eigedomen ved likninga) ved verdsetjing av bustader, jf. eigedomsskatteloven § 8 C-1. Dette som eit alternativ til verde og verdsetjing som følgjer av eigedomsskatteloven §§ 8 A-2 til 8 A-4.